

# Stigma

Arne Olav L. Hageberg  
Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet

– Å føreseia kven som blir valdelege er omtrent like lett eller vanskeleg som å føreseia därleg ver. Ein kan seja noko om kven som meir sannsynleg blir valdelege, men å seja noko heilt sikkert er svært vanskeleg, seier han.

– Kvifor har folk flest så stor tru på bruk av tvang?

– Folk er redde, og forstår lite av kva dette handlar om. Dei som oppfører seg merkeleg, verkar skremmande, og redsla for dei få tilfella av alvorleg vald blir overført til å gjelda alle psykisk sjuke. Det er mykje stigma og fordommar knytt til psykiske lidningar, seier forskaren.

*Psykolog John Monahan til Klassekampen 5.5.2009*